

Høyringsuttale – om innfasing av Mo skule i Surnadal barne- og ungdomsskule.

Mo oppvekstsenter, samarbeids- og skulemiljøutval (SSU).

SSU ved Mo oppvekstsenter hadde møte 14.04.26 der høyringsuttale vart diskutert. Det var 10 av 12 representantar som møtte.

Vi har fleire spørsmål i samband med høyringsdokumentet:

1. Auka bussutgifter, kva ligg i summen på 170 000,- ? er det plass i bussen slik det er no og går «tidlegbussen» heilt til Kvammen? Og både på sør- og nordsida? Slik at ungane frå Mo slepp «venteSfo».
2. Klassestørrelse, er det slik at Mo kan fasast inn utan at dei utløyser nye klassar? eller utløyser dette nye klassar og dermed fleire lærarar pr trinn?
3. Areal, er det nok plass? Om det blir utløyst fleire klassar ved å innfase Mo, er det da nok areal? Eller må «gulbygget» takast i bruk?
4. Garderobeplass, er det stort nok? Eller kjem det utgifter her som ikkje er med i høyringsdokumentet?
5. Teknisk drift, innsparing på 580 000,- kva ligg i den summen? Vi kan gå ned på reinhald for eksempel, treng ikkje reinhald på alle klasserom kvar dag. ØSIL kan slå graset, vi tilsette kan henge opp flagg ol. Så her kan vi spare inn litt ved fortsatt drift og.

Vi har og kommentarar til høyringsdokumentet og saka:

- Tidsperspektivet, vi meiner det er heilt uforsvarleg å legge ned Mo i mai, for å fase inn i august. Ikkje lang nok tid til å få til ein god overgang.
- Tidsperspektivet på ros-analysen, og heile saka er forhasta, og alt for kort tid til ei så viktig sak.
- 4 millionar er ein liten sum, alt for usikkert slik det ligg no. Om det til dømes er slik at 3.trinn og 4.trinn på Subus frå august kjem på 26 elevar i klassen, og da må den deles ? Det utløyser 2 lærarressursar, og innsparinga totalt kjem da på 2 millionar. Drift av gulbygget kontra drift av dagens Mo skule, kva er differansen på det?
- Kan det slåast saman meir på leiarsida, til dømes slik det no vart på einingsleiarsida for oppvekstsentera. Er det fleire einingsleiarar/leiarar det kan gjerast det same med? Er det berre oppvekst som skal spare???

- Vi stiller spørsmål ved at høringsdokumentet kjem ut med 3 alternativ. Vi forstod det slik at bestillinga frå kommunestyret til administrasjon var; sparer vi 4 millionar ved å leggje ned MO?? Ja eller nei.
- Barns beste vurdering, er den med? Eller stemmer det at den først kjem 8.mai?? Bra at det er eksternt som tek den slik at den blir så god og rett som mogleg.
- Oppvekstsentera hadde eit mindreforbruk i 2025, og fekk ny struktur med ein felles einingsleiar frå 1.1.26. Vi har enda ikkje kome i gang med alle tankar og moglegheiter som kan ligge her, som til dømes enda meir sambruk av personalet på tvers bhg/sfo/skule.. barnehagen blir dyrare og drifte om skulen blir lagt ned.
- Mo har god plass og store areal. Oppvekstsenteret er oppgradert som følge av krav i brannvernforskriftene. Barnehage-avdelingane er oppgradert med maling. Og ut over vanleg, forventta slitasje og vedlikehald er det ikkje behov for investeringar pr. dags dato.
- Grenda har aukande barnetal. Småbarn har pr dags dato 28 plassar, samt venteliste.
- Både i media og elles har vi fått signal om barnefamiljar som ønskjer å flytte heim att, men som av-ventar for å sjå korleis det går med nærskulen. Det kan få konsekvensar for bondeyrket, matproduksjon og beredskapen. Det kan gjere det vanskelegare for lokalt næringsliv og offentleg sektor å rekruttere og behalde kompetent arbeidskraft. Det er stor fare for å miste heimfløttarar. Det er også ein risiko for at folk da veljar å fløtte i frå grenda til sentrum eller ut av bygda. Det er viktig med mangfald – nokon ønskjer å bo i/på bygda, andre i sentrum. Norge har økonomi til spreidd busetting.

Som ei oppsummering frå SSU, vi meiner det er eit alt for dårleg grunnlag og vedta ei så drastisk endring, i skulekvardagen til ungane. Summen på 3,9 millionar inneheld alt for mange usikkerheitsmoment!!

Referent og sekretær, einingsleiar Gro Kvammen Sæter